

Språkåret: Kva har Kirsten Flagstad å gjere med Språkåret – eller med språk i det heile?

Kirsten Flagstad-festivalen

MENINGER

Jens Haugan



Vel, for det første debuterte Kirsten Flagstad som operasongarinne i 1913 og ein feirar dermed hundreårsjubileum. Ho budde også lang tid i USA og måtte derfor snakke engelsk. I tillegg måtte ho syngje ein del på italiensk, men ikkje minst på tysk.

■ Flagstad blir av mange først og fremst forbunden med Richard Wagner og Der Ring des Nibelungen. Ho har hatt mange ulike roller, men det er kanskje Brynhild som har gjort ho til eit ikon.

Den «norske» Brynhilde heiter Brünnhilde hos Wagner. Det er inga hemmeleighet at norsk og tysk er i slekt med kvarandre og at desse språka, saman med t.d. også engelsk og nederlandsk og sjølvsagt dei andre skandinaviske språka, har utspring i eit felles urgermanskt språk.

På 1800-talet gjekk det ei bølgje med nasjonalromantiske strøyningars gjennom Europa, der ein skulle finne tilbake til dei ulike nasjonale røtene.

Eitt aspekt ved dette var å følge språka tilbake i tid, og då støyter ein fort på felles kulturgods i form av segner og eventyr. Éi av desse segnene er Nibelungensongen.

Sært mange av karakterane og mykje av handlinga finn ein igjen i den gammalnorske Volsunga-saga og i Edda-dikta. Segnstoffet



KIRSTEN FLAGSTAD: Svært mange av karakterane og mykje av handlinga i Nibelungensongen finn ein igjen i bl.a. den gammalnorske Volsungasaga og i Edda-dikta, skriv Jens Haugan.

FOTO: NTB SCANPIX

er så gammalt at det går tilbake til den munnlege forteljartradisjonen. Det har nok blitt fortalt mange gonger og har dermed endra seg litt etter litt i ulike samanhengar. Då stoffet blei med nordover med vikingane, hadde det byrja å leve sitt eige liv.

■ Det er interessant at Wagner, då han skulle byggje eige segnunivers med utgangspunkt i Nibelungensongen, faktisk tok mest stoff frå dei nordiske variantane.

Mange tenkjer kanskje på Wagner og Nibelungenringen som «erketysk», og det hjelper kanskje heller ikkje at ein viss annan tyskar seinare blei veldig interessert i Wagners verk og brukte det i samband med sin propaganda.

Historiene om dvergar, riddarar, drakar, skattar og ein magisk ring er svært gamle. J.R.R. Tolkien

valde enda meir fritt bland slike motiv og skapte eit kanskje enda større univers.

Dei fleste unge kjenner i dag først og fremst til karakterane fra Ringenes Herre og Hobbiten, og dei gamle norrøne sogene og mytane blir etter kvart gløymde.

Men kanskje kan ein gjennom Kirsten Flagstad-festivalen ta tilbake noko av dette nordiske stoffet, gjerne på norsk? Eller skal det vere slik at den nye globale mytologien skal vere einerådande – på same måte som det engelske språket? One language to bind us all.

■ Det er jo «kult» med ein forsegjort, dataanimert drake i 3D som heiter Smaug. Men det kan vere litt greitt at ungdommen lærer at «vår» drake heitte Fáfnir eller Fávne; og Sigurd eller Siegfried var minst like «kul» som Bilbo, Frodo og Aragorn og den «gjengen».

Men våre gamle heltar levde først og fremst gjennom den munnlege tradisjonen, så gjennom sogetekstane, og så kom Wagner med sine storlætte verk, som framleis blir framførde. Kjem Peter Jackson sine filmar til å leve i hundre år? Det vil tida vise.



Historiene om dvergar, riddarar, drakar, skattar og ein magisk ring er svært gamle. J.R.R. Tolkien valde enda meir fritt bland slike motiv.

JENS HAUGAN

■ På debattsider fanger et bilde av min interesse. nende teksten Hør på Evert Taubes värld. Taubes är den sköna sonen som må være Taubes värld. Taubes värld är på sin veg. Men han svar fra forskjellige

■ Fra bonden fikk det dessverre er slutt. Telen hadde stukket dypt i jorden som om bonden ville ferdig med varden. «Jag er bonden som har sanna mina ord om politik som har fått jord!» Handelsmannen be et lignende svart glädjerus, men se politik drar nöd och hus! » Sjömannen är en rike nordmenns värld till et varmare land.

■ Og Taube trekker over for sommeren til «aftonsång» för ord. Men allerede i kirkja mötes han med herrens ord «Satan spår, höst och vinter och han jagar dig i blommande snäckor. ■ Men kontraste

KARIN ANDERSEN

Handel

■ Karin Andersen deligvis de privatsaken oss. De fleste andre pengar når vi skal langsiktige investeringar for eksempel kjøp av bolig eller kjøpe kunder.

■ Mange har til oppgaven å nödt til å kjøpe tv og møbler på låntak. Vi vet alle at det koster. Dummer selv om Karin Andersen ikke har til.

Mye bedre, selv om Karin Andersen har pengar ut av lønekontant. Rikdom kan gjøre det. Hvordan befinner seg i en l

■ Klart det kostar etter OPS-naturkurator som det kostar avdrag å bygge banken.